

## FR-HUM sak 27/10 BUDSJETT 2011/STATUS BUDSJETTARBEIDET

Det humanistiske fakultet startar i desse dagar arbeidet med å laga budsjett for 2011. *Rundskriv for plan-, budsjett- og rapporteringsprosessen 2010-2011* som vart sendt ut av universitetsdirektør Per Ramvi i juni, skisserer følgjande budsjettprosess og -dokument som skal gjennomførast denne hausten:

1. Budsjettinnspel
2. Budsjettfordeling 2011
3. Budsjettering ved fakultetet
4. 3-årige prognoser
5. Innspel til nye satsingsforslag 2012.

### 1. Budsjettinnspel

Fakulteta får høve til å utarbeida eit notat om eventuelle strategiske satsingar/- utviklingsidear som ikkje kan dekkjast innan ordinær tildelt ramme i 2011. Dette notatet skal innehalda økonomiske kalkylar og har frist 1. oktober. HUM har førebels avgjort å spela inn:

- budsjett for universitetspedagogikk (UNIPED)
- trong for investeringsbudsjett og har fått innspel frå fleire av einingane
- trong for midlar til å støtta opp under EU-prosjekt, særleg Toddler og Erasmus Mundus
- trong for å utvida administrative ressursar ved innføring av fakultets- og instituttstyre
- omstillingsmidlar til IKS i samband med kompetanseheving etter nedlegging av fag
- omstillingsmidlar til IMD etter krav om auka opptak
- ekstramidlar til IAS etter omlegging av lærarutdanningane.

### 2. Budsjettfordeling 2011

Når den statlege tildelinga for 2011 ligg føre 5. oktober, startar Avdeling for økonomi- og verksemdsstyring arbeidet med den interne fordelinga ved UiS. Styret ved UiS vil vedta førebels fordeling i møte 25. november.

### 3. Budsjettering ved fakultetet

Når budsjettfordelinga ved UiS er kjent, startar arbeidet med intern fordeling ved fakultet. Dekanen vil då vurdere rammene til einingane slik dei ligg føre ut frå budsjettmodellen til UiS og om naudsynt gjera endringar. Einingane må vera førebudde på å ta med seg eventuelle underskot frå 2010. Det vil samstundes bli klart kva som vil skje med eventuelle overskot. Dekanen har ansvar for totaløkonomien til fakultetet og kan difor måtta inndra overskot for å saldera budsjettet og unngå høgare forbruk en fakultetet samla har midlar til.

Etter at dekanen har tildelt rammer til einingane, skal budsjettet klargjerast til innlegging i økonomisystemet Agresso ved årsskiftet. Nytt i år er at *Rundskrivet* varslar at det vil bli lagt føringar for kor stor del av totalbudsjettet som kan vera løn. Dekanen er ikkje kjent med korleis dette skal gjennomførast i praksis dersom lønskostnadene skulle visa seg å overstiga denne prosenten. Prosentsatsen er førebels ikkje offentleggjort.

Vidare er det krav om at det skal gjennomførast risikovurdering i høve til den aktiviteten som fakultetet legg opp til i budsjettet.

#### 4. 3-årige prognoser

AØV vil utarbeida ei prognose for 2011-2014 for fakulteta ved utgangen av november. HUM vil følgja opp dette arbeidet, særleg med mål å skaffa kunnskap om den økonomiske utviklinga ved IMD, IKS og IAS som har størst økonomiske utfordringar og endringar og frå og med dette studieåret.

#### 5. Innspel til nye satsingsforslag 2012

Med frist 1. oktober er det mogleg for fakultetet å fremja framtidige satsingar utanfor ramma. Det skal ikkje spelast inn nye studietilbod som normalt skal finansierast innan ramma. Fakultetet har ikkje planar om å levera inn innspel for 2012.

Framlegg til tilråding: Fakultetsrådet tek saka til orientering.



Tor Hauken  
dekan



Odd Folke Topland  
fakultetsdirektør

Sakshandsamar: Synnøva Drange